



## Notat

Dato: 19.12.2014  
Arkivsak: 2014/24680-1  
Saksbehandlar: oydzien

---

**Til:** Opplærings- og helseutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Aktivitet ved Nordahl Grieg vgs etter skuletid/i helgane**

Fylkesrådmannen viser til møte i OPHE 21.10.14 der Rosalind Fosse stilte følgjande spørsmål:

«I kva grad blir Nordahl Grieg vgs brukt til aktivitetar etter skuletid/i helgane?»

Det er inngått avtale mellom Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune om bruk av fylkeskommunale idrettsanlegg generelt, og fleirbrukshallen på Nordahl Grieg vidaregåande skule spesielt (Fylkesutvalet, sak 150/09). Bakgrunn for avtalen, inngått 4. november 2010, er at hallen får spelemidlar og derfor skal haldast open for allmenne idrettsaktivitetar i 40 år. Avtalen gjeld fleirbrukshallen og garderobar frå klokka 17.00 til klokka 22.00 måndag til fredag, med unntak av ein ettermiddag. Denne ettermiddagen disponerer «Døves idrettslag» hallen, og tilsette og elevar brukar fasilitetane. I ferie/avspaseringstid på skulen kan ikkje hallen nyttast utan særskilt løyve.

Rektor ved Nordahl Grieg vidaregåande skule rettar seg etter Hordaland fylkeskommune, eigedomsavdelinga, i denne saka. Utleige gjeld både inne- og uteareal, aktiviteten er høg, og alt er i bruk. Nordahl Grieg sitt eige idrettslag nyttar hallen til ulike aktivitetar frå skuleslutt og fram til klokka 17.00 i vekedagane. Frivillige organisasjonar får ikkje leiga skulen i helgane, og grunna branntryggleik vert det konsekvent sagt nei til førespurnader om overnatting. Ingen får utdelt nøkkelkort til bygningen utan grundig brannopplæring. Planlagde turneringar av ulike slag kan avviklast i helgane, der ein spesialrådgjevar ved skulen har ansvar for bygget. Grunna høg aktivitet er det trong for tilsynsvakt på kveldstid. Rektor/driftsleiar fungerer i dag som telefonvakt/«vaktmeister» når nøkkelkort er gløymde, klede er lagt igjen m.m.

Nordahl Grieg vidaregåande skule sine klasserom og kantine vert ikkje leigd ut på kveldstid utan at ein leiar eller lærar er til stades. Skulen har ikkje kapasitet til å drifta denne type utleige.